



Det rosafarga feltet midt på teikninga over er Stølen, som lokale utbyggjarar ynskjer å byggja ut med inntil 20 bueiningar for eldre på eit 4 mål stort areal. Då må det imidlertid omregulerast frå offentleg areal til bustadareal.

I dokumentet frå oppstartmøtet vert imidlertid talet 20 beteikna som veldig høgt. Eit av dei spørsmåla som vert stilt i dokumentet er om den landskapsmessige verknaden av planen er vurdert og eit anna om utforming og byggehøgder i høve til terreng og landskap er vurdert. Det vert også spurt om konsekvensane for naboane er vurdert.

I samband med parkeringsspørsmålet er det stilt krav om 2 plassar samt 1 besøksparkering. Det er i samsvar med kommuneplanen.

Dette spørsmålet vert og stilt: Det manglar areal til utvikling av skulen/almenføre mål. Skal det skje på bekostning av landbruksarealet mot vest?

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

